

# Referat frå instituttrådsmøte IF

**Møtetid:** onsdag 11. mars 2026 kl. 12.15

**Stad:** rom 400, HF-bygget

## Til stades:

Frå gruppe A: Dagmar Haumann, Craig Grocott, Kjetil Berg Henjum, Eirik Hovden og Sigrid Ørevik.

Frå gruppe B: Alma Oftedal.

Frå gruppe C: Deirdre Smith.

Frå gruppe D: Mathilde Sanne og Tyler Hanssen.

## Sak 1 – Godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjende utan merknader.

## Sak 2 – Godkjenning av referat frå møtet 28. januar 2026

Godkjent utan merknader.

## Sak 3 – Orienteringssaker

- A) Tilsetjingssaker ved instituttet: (1) Den faste stillinga som universitetslektor i kinesisk (50 prosent) har fått inn fjorten kvalifiserte søkjarar, og det er sett ned vurderingskomité. (2) Stipendiatstilling i arabisk er under utlysing. (3) Stipendiatstilling i ukrainsk blir etter planen lyst ut om nokre få dagar. (4) Det utlyste ekstraervertet på russisk fekk ikkje kvalifiserte søkjarar, og instituttet ser etter ei anna løysing.
- B) Utlysing av midlar til [kvalitetsutvikling i utdanninga](#): Potten er stor, heile åtte millionar kroner, og søknadsfristen er 8. mai. Mykje av midlane er retta inn mot førsteårsstudentane, men det er òg rom for å søkja støtte til andre utviklingsprosjekt. Leiargruppa ved IF har teke initiativ til ein søknad for hybridundervisning på faga tysk, fransk, spansk og italiensk. Det er fullt mogleg med fleire søknader frå IF.
- C) Tildelingar til IF-forskarar frå Meltzerfondet i 2026: Fire stipendiatar har fått støtte, to fast tilsette har fått støtte til utanlandsopphald under forskingstermin og det er gitt støtte til sju forskarar til reiser og andre forskingsaktivitetar.
- D) Instituttleiar orienterte om at UiB gjennomfører ei lokal arbeidsmiljøundersøking våren 2026.
- E) Administrasjonssjef orienterte om at UiB innfører eit nytt sakshandsamings- og arkivsystem no i mars. Det gamle systemet Elements blir stengt ned 20. mars, og WebSak tek over.

- F) LES100, det nye førstesemesteremnet for alle HF-studentar, startar opp for fullt H26. To av IF sine seminargrupper på emnet får seminarleiarar frå instituttet (engelsk og japansk/kinesisk). Dei tre andre seminargruppene ved IF får seminarleiarar frå Instituttet for filosofi og førstesemesterstudium.
- G) Instituttleiar orienterte om forventninga frå Kunnskapsdepartementet om samarbeid mellom UiB og UiO i undervisninga på små språkfag. Det er *ikkje* snakk om å leggja ned fag ved ein institusjon for å styrkja faget ved den andre institusjonen.
- H) Administrasjonssjef orienterte om nokre av sakene til fakultetsstyremøtet 17. mars: sjukefråværet ved fakultetet, utviklinga i bruken av mellombels tilsette og rekneskapen for 2025.

#### **Sak 4 – FRIPRO-løftet og støtte til forskingsføremål**

Det vil bli lyst ut meir midlar til forskingsføremål ved IF i år enn det vi såg føre oss då vi vedtok instituttbudsjettet for 2026:

- (1) Forskargruppene har allereie fått tildelt midlar frå instituttet, inntil femten tusen til kvar gruppe, og til saman 128 100 kroner. Gruppene står etter måten fritt i bruken av desse midlane.
- (2) Vi reknar med at instituttet vil finna rom til å lysa ut midlar til individuelle forskingsføremål. Her treng vi meir utfyllande informasjon frå fakultetet for å vita kor mykje som blir lyst ut.
- (3) UiB sentralt har sett av ni millionar kroner til å hjelpa fram fleire FRIPRO-søknader til NFR i 2026, det såkalla FRIPRO-løftet. Av dette går 1.6 millionar til HF, og instituttet ventar på ei endeleg avklaring av kor mykje IF får av dette. Instituttet ønskjer å gje forskargrupper som arbeider med søknader, inntil 50 000 kroner og einskildforskarar inntil 30 000 kroner. I tillegg er det planar om eit søkjarseminar i vår og eit til hausten. Dei som får midlar, må forplikta seg til å søkja FRIPRO i 2026.
- (4) UiB sentralt har lyst ut SPIRE-midlar til dei som ønskjer å søkja større prosjekt.

Hovden løfta fram behovet for støtte til gjesteforelesarar. Instituttleiar viste til at det er mogleg å prioritera gjesteforelesarar innanfor midlane instituttet har tildelt forskargruppene, jf. (1) over. Administrasjonssjefen minna om at det går an å søkja Erasmus mobilitetsmidlar til å henta inn gjesteforelesarar.

Martin Paulsen,  
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,  
administrasjonssjef